



MØTEBOK

UTVAL:	ARBEIDSUTVALET I VILLREINEMNDA
MØTESTAD:	Valle rådhus
DATO:	01.09.2014
TIDSPUNKT:	14:30 – 16:50

FASTE MEDLEMMAR TILSTADES:

Margit Smeland	Leder	ÅMLI
Ola Sukka	Nestleder	SULDAL
Leif Roholdt	Medlem	KVITSEID
Oddmund Ljosland	Medlem	ÅSERAL
Olav Tveita	Medlem	ODDA

FASTE MEDLEMMAR IKKJE TILSTADES:

Anne Helen Jupskås	Medlem	TOKKE
--------------------	--------	-------

VARAMEDLEMMAR:

--	For Anne Helen Jupskås
----	------------------------

FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Jørn Haug	Sekretær
-----------	----------

MERKNADAR TIL SAKSLISTE/INNKALLING:

Ingen merknader.

Åseral, 3. september 2014

for Arbeidsutvalet i villreinnemnda

SAKLISTE

Utvalsnr.:	Innhald:	Lukka:
PS 14/15	Referatsaker	
PS 14/16	420 kV - ledning Sauda - Lyse. Spenningsoppgradering. Uttale til melding med forslag om utgreiingsprogram	
PS 14/17	Kommuneplan for Suldal kommune 2014 - 2025. Uttale til høyringsforslag.	
PS 14/18	Eventuelt	



420 KV - LEDNING SAUDA - LYSE. SPENNINGSOPPGRADERING. UTTALE TIL MELDING MED FORSLAG OM UTGREIINGSPROGRAM.

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
	2014/278	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/16	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	01.09.2014

Vedlegg:

- 1 Melding med forslag til utredningsprogram for spenningsoppgradering av 420 kV-
ledning Sauda - Lyse. Statnett
- 2 Kart linjetrase

Bakgrunn:

Det ligg føre melding med forslag til utgreiingsprogram for en ny 420 kV line frå Sauda transformatorstasjon til Lyse transformatorstasjon i Forsand kommune. Det er Statnett SF som legg fram meldinga. Planlagt leidning er om lag 78 km. lang. Den vil delvis erstatte eksisterande 300 kV-leidning som skal rivast på meir en halve strekninga. Sjå melding og kart i vedlegg 1 – 2.

Dei planlagde tiltaka rårar kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand. Føremålet med meldinga er å gjere planane kjent samt fremme forslag til utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU-program) som skal følgje seinare konsesjonssøknad.

Arbeidsutvalet skal i meldingsfasen i første rekke kome med innspel til konsekvensutgreiingsprogrammet. Den bør og peike på andre relevante tilhøve knytt til villreininteressene.

Tiltaket er grunngeven med betring av overføringskapasitet og forsyningstryggleik. I tillegg til ønskje om å legge til rette for eit vel fungerande kraftmarknad

Kort omtale av planane

Oppgraderinga skal gjerast ved å erstatte dagens 300 kV- leidning mellom Sauda og Lyse med ein ny 420 kV-leidning. Tiltaket omfattar og nye 420kV-anlegg i Sauda og Hylen transformatorstasjonar. Ny 420 kV leidning er som nemnd 78 km lang, og er i hovudsak planlagt bygga parallelt med eksisterande 300 kV-leidning. Den eldste og svakaste delen av dei to eksisterande leidningane vil bli riven mellom Sauda og Førre (47 km).

Plassering av planlagt line, samt kva delar av eksisterande line som skal rivast går fram av vedlegg 2.

I meldinga kap. 4.5 er den praktiske gjennomføringa av arbeidet omtala. Transport ut til leidningstraseen vil skje på eksisterande vegar eller med helikopter. Ved transport utanfor eksisterande vegar vil det bli nytta terrengkøyretøy. Det vert og nemnt at det kan bli trong for noko opprusting og/eller nybygg av veg. Ein mellombels transportplan vil inngå i konsesjonssøknaden.

Tilhøvet til Heiplanen og verna område

Store delar av leidningstraseen går gjennom *Nasjonalt villreinområde* og *Omsynssone villrein* jfr. Heiplanen. Under er det gjeven ein grov kommunevis oversikt. Diverre ligg det ikkje føre ei god kartskisse på dette:

Forsand kommune

- Strekninga Lyse og nordover til litt før kommunegrensa mot Hjelmeland – *omsynssone villrein*. Vidare til kommunegrensa – *nasjonalt villreinområde*

Hjelmeland kommune

- Strekninga frå kommunegrensa med Forsand til Støylsdalen – *nasjonalt villreinområde*. Deretter eit strekke som ligg i bygdeutviklingssona fram til Førre. Frå Førre til kommunegrensa med Suldal kommune ligg det som *nasjonalt villreinområde*

Suldal kommune

- På strekninga Ulldalen og nordover til nedstiging mot Suldalsvatnet ligg traseen delvis i *omsynssone villrein* og delvis i *nasjonalt villreinområde*

Den melde løysinga råkar og Vormedalsheia landskapsvernområde over to strekningar på til saman 1,9 km. Nokre få master vil bli liggjande innanfor vernegrensa.

Status for villreinen sin bruk av dei råka områda

Ledningstraseen går i vestre del av Heiplanområdet. Det er tale om sær store områder og det er vanskeleg å seie noko generelt om korleis villreinen nyttar desse områda. Viktige faktorar er vekslende bruk av beiteområde over tid, stammestorleik og samansetning av denne, værtiløve og fysiske barrierar mv. Vesentleg i dette bilete er at Setesdal Ryfylke villreinområda frå tidlegare er sterkt prega av fysiske inngrep i form av kraftanlegg, vegar, hytteutbygging mv. Observasjonar dei siste 2- 3 åra kan tyde på at villreinen i aukande grad har teke i bruk dei vestlege områda som det her er tale om.

I naturbasen (www.miljodirektoratet.no) er det merka av fleire trekkorridorar i den aktuelle leidningstraseen. Dette gjeld i alle dei tre kommunane (Forsand, Hjelmeland og Suldal).

Forslag til KU-program

Det skal gjerast ei konsekvensutgreiing for tiltaket. I kap. 8 i meldinga er det gjeven ein oversikt over kva som skal greiast ut med omsyn til villrein (under overskrifta dyrearter):

«Forholdet til villreinens leveområder vurderes for anleggs- og driftsfasen med fokus på funksjonsområder. Eventuelle konflikter knyttet til videre forvaltning av dyrene vurderes.

Avbøtende tiltak beskrives og vurderes.

Samlet belastning

Det skal gjøres en vurdering av om kraftledningen og andre eksisterende eller planlagte energitiltak i området samlet kan påvirke forvaltningsmålene for arter/naturtyper beskrevet over, jf. naturmangfoldloven.»

Vurdering:

Det er frå før inngrep i dei aktuelle områda i form av eksisterande 300kV line. Da bare delar av eksisterande 300 kV line skal rivast vil spenningsoppgraderinga i praksis gi breiare kraftgate enn det ein har i dag. Mastene for 420 kV lina vil og vera breiare og høgare enn eksisterande master jfr. figur på s. 20 i meldinga. I tillegg til dei fysiske inngrepa kjem sjølvsagt forstyrning knytt til det praktiske arbeidet for oppføring og riving. Korleis det verkar inn på trongen for tilsyn i driftsfasen er ikkje omtala nærmare

Som nemnd ligg store delar av leidningstraseen som nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein. Når det gjeld kraftanlegg inneheld Heiplanen eigne retningsliner for dette ved at: *«Nye eller utvidelse av eksisterende kraftanlegg eller kraftlinjer bør unngås. Unntak kan gjøres for tiltak som ikkje innebærer vesentlig negativ betydning for villreinen. Disse vurderingene forutsettes avklart gjennom konsekvensutredning etter relevant lovverk»*

Ut i frå nemnde retningsline er det viktig at omsyn og verknad for villreinen vert gjeven ein vesentleg plass i konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad. Oppdatert kunnskap må leggest til grunn og det må nyttast tilstrekkelig fagkompetanse/forskingsmiljø i utgreiinga.

Jamfør forslag til KU-program skal påverknad av forvaltningsmåla for arten/naturtypen vurderast. Ikkje minst for villrein er det vesentleg at inngrepa sin påverknad både på forvaltningsmål for arten og for leveområda vert vurder.

Vurdering knytt til samla belastning, jamfør naturmangfoldlova, er teken inn i KU-programmet. Ei slik vurdering må ha ei brei tilnærming i høve til påverknadsfaktorar og arealstorleik/avstand.

Ut over nemnde tilhøve er følgjande tema vesentleg i konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad:

- Barriereeffektar av leidningsnettet
- Tid på året for anleggsarbeid. Arbeid frå januar til 1. juni bør ikkje skje der dette kan vera i konflikt med villreininteressene.
- Bygging av nye vegar kan vera problematisk i høve til auka ferdsel inn i sårbare område og bør så langt som råd ikkje tillatast. Dei bør i så fall fjernast etter anleggsperioden evt. stengast med bom.
- Av naturbasen går det fram at det er ein rekke trekkorridorar aust/vest i for leidningstraseen. Plassering av mastepunkt og tidspunkt på året for gjennomføring av arbeidet er relevant i den samanheng. Det bør hentast inn nærmare kunnskap om status for dei nemnde trekkorridorane.

Framlegg til uttale:

Arbeidsutvalet syner til melding med forslag til utgreiingsprogram for spenningsoppgradering 420 kV line Sauda – Lyse.

Arbeidsutvalet sine merknadar til meldinga går fram av saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 01.09.2014

Framlegg:

Oddmund Ljosland:

Som framlegg til uttale, med fylgjande tillegg:

For å avgrense storleik og verknad av inngrepet må ny leidning leggst nærast mogleg eksisterande leidning. Der dette er ønskjeleg å fråvike må dette grunnjevast særskilt.

Votering:

Framlegg til uttale med tillegg fremma av Oddmund Ljosland vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Arbeidsutvalet syner til melding med forslag til utgreiingsprogram for spenningsoppgradering 420 kV line Sauda – Lyse.

Arbeidsutvalet sine merknadar til meldinga går fram av saksutgreiinga.

For å avgrense storleik og verknad av inngrepet må ny leidning leggst nærast mogleg eksisterande leidning. Der dette er ønskjeleg å fråvike må dette grunnjevast særskilt.

Kopi til:

Norges Vassdrag og energidirektorat, Pb. 5091 Majorstuen. 0301 OSLO

Rogaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Rogaland
Setesdal Ryfylke villreinlag
Forsand kommune
Hjelmeland kommune
Suldal kommune



KOMMUNEPLAN FOR SULDAL KOMMUNE 2014 - 2025. UTTALE TIL HØYRINGSFORSLAG.

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
L10	2013/169	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/17	Arbeidsutvalet i villreinneemnda	01.09.2014

Vedlegg:

- 1 Handsaming i kommunestyret
- 2 Plandokument
- 3 Plankart
- 4 Føresegn og retningslinjer
- 5 Konsekvensutgreiing

Bakgrunn:

Kommunestyret i Suldal vedtok i møte 17.6.2014 å legge forslag til kommuneplan ut til offentlig ettersyn. Frist for merknad er 14. september. Planforslaget inneheld både arealdel og samfunnsdel.

Av handsaminga i kommunestyret går det fram at det ikkje er teken inn nye konsentrerte hyttefelt. Omsynssone villreinområde og nasjonalt villreinområde (jfr. Heiplanen) er lagt inn som eigen *omsynssone nasjonalt villreinområde* i plankartet. Det er inga forslag om nye hyttefelt eller område for spreidd bygging i LNF i denne sona. Av føresegn og retningslinjer til arealdelen går det fram at føresegn og retningslinjer gjeven i Heiplanen gjeld i denne sona.

I samfunnsdelen vert det synt til ein eigen sti- og løypeplan. Denne tar for seg viktige lengre og samanhengande turstiar i låglandet der kommunen skal stå for planlegging og opparbeiding. Vidare tar den for seg maskinelt oppkøyde skiløyper. Sti- og løypeplanen ligg ikkje ved planforslaget. Kommunen opplyser at det har vore ein enkel prosess med sti- og løypeplanen parallelt med kommuneplanarbeidet. Maskinelt oppkøyde skiløyper er omtala på s. 9 i kommuneplandokumentet:

«Mosvatnområdet – Sandsa. Dette er kommunen sitt viktigaste skiutfartsområde. Oppkøyring skjer etter faste løyper, m.a. lysløyper ved Gullinghuset og i Fjellbergskaret. Av omsyn til villreinen (jfr. Heiplanen 2013) må oppkøyring av løyper i området Reinsheia – Sandsa – Skipadalane berre skje dersom det ikkje er til sjenanse for denne. Vert det observert villrein i nærområdet til desse løypene, skal dette rapporterast til løypekøyrar/kommunen og løypekøyringa skal straks opphøyra. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for registrering av villrein i dette området og rapportering til løypekøyrar. Det skal uansett ikkje køyrast løyper lenger enn Skipadalane»

Ut frå det ein kan sjå av plankartet er ikkje nemnde trasear lagt inn i plankartet.

Arbeidsutvalet i villreinnemnda har tidlegare uttala seg til oppstartsmelding og planprogram for kommuneplanarbeidet. I uttalen vart det spela inn tema knytt til konsekvensutgreiinga, innarbeiding av føringar gjeven i Heiplanen, samt trongen for styring og kanalisering av ferdsel ut frå hytteområde/utfartsområde, ikkje minst i området Gullingen – Skjepadalen – Reinsheia. Kommuneplanarbeidet vart og drøfta med kommunen i eget møte.

Vurdering:

Omsynssonene jfr. Heiplanen er på ein god måte innarbeida i plankartet. Dette gir eit godt grunnlag for ivaretaking av villreininteressene i tida framover. For retningsliner og føresegn i desse områda er det i sin heilskap synt til Heiplanen. Kommunen bør vurdere om føringar frå Heiplanen like godt kan takast direkte inn i plandokumentet.

Arbeidsutvalet har ved fleire høve spela inn trong for utarbeiding av sti- og løypeplan knytt til hytteområde/utfartsområda. Som nemnd over synast det å vera gjort noko arbeid med dette men eit konkret forslag ligg ikkje med høringsdokumenta. Det kan difor stillast spørsmål med korleis prosessen har vore kring dette og formell status for nemnde sti- og løypeplan. I tråd med Heiplanen er det og krav om sti- og løypeplan for utviding/forbedring av nye hytte-/turistområde før bygging startar.

Av planmateriale går det ikkje fram korleis innspela til planarbeidet er vurdert av kommunen. Dette kunne med fordel ha følgd planforslaget. Sakshandsamar syner her til krav til planmateriale jfr. plan- og bygningslova §§ 11-13, 11-14 og 4-1.

Framlegg til uttale:

Arbeidsutvalet i villreinnemnda har følgjande merknad til planforslaget:

- *Positivt at omsynssone jfr. Heiplanen er innarbeida i plankartet. Kommunen bør vurdere om føringane i Heiplanen bør takast direkte inn i kommuneplanen.*
- *Arbeidsutvalet saknar ein sti- og løypeplan for Suldal kommune og syner til tidlegare innspel frå arbeidsutvalet om dette. Ein slik plan må inngå som ein del av kommuneplanen, alternativt utarbeidast som ein kommunedelplan eller temaplan. Ved utarbeiding av planen må krava til prosess og medverknad i plan- og bygningslova følgjast.*

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 01.09.2014

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Arbeidsutvalet i villreinnemnda har følgjande merknad til planforslaget:

- *Positivt at omsynssone jfr. Heiplanen er innarbeida i plankartet. Kommunen bør vurdere om føringane i Heiplanen bør takast direkte inn i kommuneplanen.*
- *Arbeidsutvalet saknar ein sti- og løypeplan for Suldal kommune og syner til tidlegare innspel frå arbeidsutvalet om dette. Ein slik plan må inngå som ein del av kommuneplanen, alternativt utarbeidast som ein kommunedelplan eller temaplan. Ved utarbeiding av planen må krava til prosess og medverknad i plan- og bygningslova følgjast.*

Kopi til:

Suldal kommune

Rogaland fylkeskommune
Fylkesmannen i Rogaland



EVENTUELT

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
C83	2014/11	Jørn Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
14/18	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	01.09.2014

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 01.09.2014

Brev frå SVV vedk. E 134 over Haukelifjell

Sekretær delte ut brev frå Statens Vegvesen v/Hillestad datert 1.7.2014. Hovudinnhaldet er at planane som ligg føre for ny E 134 i stor grad vil betre tilhøva for villrein i dette fjellområdet. Sekretær svarar på brevet der det vert synt til oppsummering frå møtet halden på Haukelisæter 29.4.2014.

Arbeidsutvalet er tvilande til at plassering av tunellar slik SVV ønskjer fangar opp dei viktigaste trekkorridorane (Ulevåtrekket mfl.).

Kommunedelplan for Vågslid, Vinje kommune

Sekretær informerte om at Fylkesmannen i Telemark har trekt delar av motsegn som vart reist. Arbeidsutvalet er uroa over at ein enkelt fagrapport vert lagt til grunn for endring av omsynssona i Heiplanen.

Ved høve må det takast opp med fylkeskommunen korleis omsynssonene frå Heiplanen skal takast inn i kommunale planar og kva som skal til for å fråvike desse.

Detaljreguleringsplan for Ugledalen, Valle kommune

Nemnde plan er sendt til offentleg ettersyn. Sekretær sender uttale der det vert peika på at arbeidsutvalet er sterkt uroa for vidare fortetting og utbygging i område kring Bjørnevatn. Vidare at godkjenning av planen må utsettast til nye kommuneplan er vedteken. Bekymringa vart og teken opp med Valle kommune tidlegare same dag.

Byggesak 93/1 Sæsvatn

Vinje kommune har gjeve løyve til ei monaleg større utbygging enn det som låg i arbeidsutvalet si tilråding. Semje om å klage på vedtaket.

Utviding av geitefjøs ved Mjølstøyl

Sekretær informerte om saka. Semje om å ikkje sende uttale.

Høyring av ny lov/forskrift for snøscooterkøyring

Forslaget er i stor grad som for forsøket som vart avslutta. Omsyna til villrein synast å vera rimeleg godt ivareteke. Det vert ikkje sendt uttale i saka.

Forvaltningsplan SVR

Sekretær ber om utsatt høyringsfrist slik at saka kan handsamast av nemnda på haustmøtet.

Haustmøtet 2014

Vart fastsett til 12 – 13 november. Sekretær finn egna lokale på strekninga Bykle – Rysstad.

Møte med Valle kommune 1/9-14 kl. 12.00 – 14.00

Som ei oppfølging av møtet utformer sekretær brev til fylkesmannen i Aust-Agder m/kopi til Valle kommune. Stikkord:

- Vidare fortetting og utbygging er sær s uheldig i høve til området sin viktighet for trekk.
- Lite bruk av eksisterande hytter har fram til i dag vert med å sikre trekket. Dette vil endre seg på sikt, og med fleire einingar i tillegg vil trekket på sikt bli broten.
- Moglegheita for justering/flytting av godkjende (men ikkje utbygde) område må vurderast.